## SAK 11/25 NASJONALT FOKUS PÅ REGIONALT SAMARBEID

**Saksopplysning:**
Både KS debatthefte og NOU 2026: 1 ein berekraftig kommunesektor set fokus på interkommunalt samarbeid. Derfor kan det vera naturleg å varme opp med litt drøfting av dette tema i Hallingtinget.

Samarbeid er eit viktig spor i NOU 2026:1 men utgreiinga framstiller det ikkje som eit mål i seg sjølv. Samarbeid blir omtala som eit verkemiddel for å handtere mangel på arbeidskraft, sikre nødvendig kompetanse og løyse oppgåver meir effektivt.

KS Debatthefte – del 1, sjå link: Sterkere sammen Debatthefte 2027

**«Sterkare samarbeid eller større kommunar?**
Store endringar i folketal, tilgang på arbeidskraft, økonomi, teknologi, beredskap og klima gjer det vanskelegare for mange kommunar å ivareta ansvaret sitt. Samstundes aukar behovet for kompetanse til stadig meir spesialiserte og tverrfaglege oppgåver, og for kapasitet til å utvikle tenester og lokalsamfunn.
På KS sitt landsting i 2024 samla kommunesektoren seg om at kommunar og fylkeskommunar skal samarbeide meir aktivt og langsiktig, og på sjølvstendig grunnlag vurdere om kommunesamanslåing kan vere meir tenleg. Debattheftet følgjer opp dette ved å invitere kommunestyre og fylkesting til ein lokalpolitisk diskusjon om kva omsyn som talar for og imot sterkare samarbeid og større kommunar.»

**Sterkare saman**
Hallingdal står overfor dei same utfordringane som resten av Kommune-Noreg: strammare økonomi, knappare arbeidskraft og aukande krav til tenester og beredskap. Samtidig har regionen lange tradisjonar for samarbeid. På Hallingtinget i april drøfta me desse sakene i lys av helseorganisering og næringsutvikling. Korleis vi kan stå sterkare saman i møte med framtidas utfordringar, kva er dei viktigaste gevinstane ved samarbeid i Hallingdal, kva utfordringar må vi løyse for å styrkje samarbeidet og kva er mest utfordrande. Dette er store spørsmål som kommunane svarar på når KS debatthefte blir drøfta. Mestartar i Hallingtinget med spørsmåla til KS debattfete del 1

KS spør (fra debatthefte)

- Hvilke hensyn taler for og hvilke taler imot forsterket kommunesamarbeid og større kommuner?
- Er det behov for nye eller andre virkemidler - økonomiske og andre - fra nasjonale myndigheter for å gjennomføre gode lokale prosesser for forsterket samarbeid eller større kommuner – og i tilfelle hvilke?
- Hvordan kan fylkeskommunen bidra til å styrke kommunenes tilgang til nødvendig kompetanse og kapasitet?
- Hvordan kan KS bidra til å støtte opp om gode lokale prosesser for forsterket samarbeid eller større kommuner?

***Forslag til vedtak:***
Hallingtinget drøfta

Hallingdal, 22. okt. 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar
Ordfører i Hemsedal